

Frå sau til kjortel

om kjortelen frå Lendbreen og andre brearkeologiske funn
8.- 9. november

Norsk Fjellmuseum i Lom

Norsk Fjellmuseum, Klimapark 2469, Kulturhistorisk museum og Oppland fylkeskommune samarbeider om sikring, forskning og formidling knytt til arkeologiske funn frå isen i Oppland. I 2011 vart det mellom anna funne ein heil kjortel frå 300 talet e.Kr., Noregs eldste klesplagg. Kjortelen frå Lendbreen er stilt ut på Norsk Fjellmuseum i Lom ut året.

Det er mange i Noreg som arbeider med tekstilhistorie ut i frå ulike perspektiv. Tverr- og fleirfagleg kunnskapsformidling bør vera av interesse for alle som er opptekne av dette emet. Dette seminaret blir arrangert i samarbeid med Oppland Husflidslag og Studieforbundet Kultur og Tradisjon, og vi ønskjer det skal vera ein møteplass for kunnskapsutveksling og inspirasjon.

Med oss i programmet har vi:

Lars Pilø – arkeolog og prosjektleiar for sikringsprogrammet fonnefunnarkeologi i Oppland.

Espen Finstad - fylkesarkeolog og utviklingsansvarlig i Klimapark 2469.

Marianne Vedeler – førsteamanuensis i arkeologi ved Kulturhistorisk museum i Oslo

Martha Kløve Juuhl – vever og formidlar ved Osterøy museum.

Ingun Grimstad Klepp - forskar ved Statens Institutt for Forbruksforskning (SIFO)

Tone Skårdal Tobiasson - journalist med bakgrunn frå motebransjen, og leder også Tekstilpanelet.

Morten Kutschera - ein av Europas beste flintsmeder

Anne Grete Krogstad – utdanna master i

tradisjonskunst og kurslærer i handteinspinning

Reidar Marstein - handverkar som har rekonstruert fleire av fonnefunna

Dag Inge Bakke – naturrettleiar i klimapark 2469

Kristine Sørлие - informasjonsrådgjevar - nasjonalparksenter

Bindande påmelding innan 1. nov. til Norsk Fjellmuseum v. Thea Dalen, e-post post@fjell.museum.no eller tlf. 47 45 15 23

Praktiske opplysningar:

Prisar seminar og kurs:

- Seminar fredag 8. november kr 250,- Kl. 09.30 – 17.00
 - Middag med historisk sus på Fossheim hotell fredag kveld kr 595,-
 - Kurs laurdag 9. november:
 - Flintknakking kr 700,- ,nb 7 timer
 - Sy bronsealdersko kr. 250
 - Spikke kjekjelve kr 150,-
 - Spinne med handtein kr 200,-
- Kurs går parallelt frå kl. 10.00 – 15.00
Alle priser er inkl. lunsj

Pakkepris overnatting og middag på Fossheim hotell (gjeld pr. person pr. natt):

- overnatting med frukost og middag fredag kveld i enkeltrom kr 1240
 - overnatting med frukost og middag fredag kveld i dobbeltrom kr 945
 - kun overnatting enkeltrom kr. 645
 - kun overnatting dobbeltrom Kr. 350
- Bestillast direkte til hotellet , tlf. 612 19500, e-post resepsjon@fossheimhotel.no.



Fredag 8. november

09.30-10.00: Kaffi og registrering

10.00-10.15: Velkomen og presentasjon av program, museet og drifta

10.15-10.30: Filmen "Isens hemmelighet" – introduksjon til det arkeologiske arbeidet som er gjort ved iskanten dei siste åra.

10.30-11.30: Det brearkeologiske sikringsprogrammet. Resultat og vegen vidare. Prosjektleiar Lars Pilø, arkeolog i Oppland fylkeskommune.

11.30-12.15: Lunsj

12.15-13.15: Funna frå isen og andre kjelder til livet i fjellet i forhistoria. Ny kunnskap gjev nye perspektiv. Espen Finstad, arkeolog i Oppland fylkeskommune og Klimapark 2469.

13.30-15.00: Kjortelen frå Lendbreen – Noregs eldste klesplagg. Nye forskingsresultat; tilstand, materialkunnskap, teknikk og opphav. Førsteamanuensis i arkeologi Marianne Vedeler ved Kulturhistorisk museum i Oslo.

15.15-16.00: Oppstadveven, oppsett og teknikkar. Marta Kløve Juuhl, driv eigen bedrift som vevar og er ansatt som formidlar på Osterøy museum

16.00-17.00: Ull, kvalitetar, bruk og ubrukne moglegheiter. Om prosjektet VikingGull og haustens bok for ullleskare; Ren Ull ved forskar Ingun Grimstad Klepp og journalist Tone Skårdal Tobiasson

Laurdag 9. november

10.00-12.00 Dei ulike kursa jobbar i kvar si gruppe

12.00-13.00 Lunsj

13.00-15.00 (17.00)Kursa fortsett i grupper



Om kursa:

FLINTKNAKKEKURS

Ein av Europas beste flintsmeder; Morten Kutschera holdar kurs i flintknakking. Han er også kjent frå «Steinalderliv» som gikk på NRK .Han har med flint og ingen førehandskunnskapar er naudsynt. Det gis opplæring i dei vanligaste teknikkane og han syneri tillegg fram skefting av pil. Pris kr. 700,- pga. dyre materialkostnader. Varigheit 7 timer. Maks 8 plassar.

SY BRONSEALDERSKO

I 2006 blei det funne ein bronsealdersko i ubehandla skinn ved Kvitingkjølen. Dag Inge Bakke og Kristine Sørli e vil på dette kurset vise deg teknikkane som blei brukt og du får sy ditt eiga skopar etter same mønster. Pris kr. 250,-. Varigheit 5 timer eller så lang tid det tar å sy eit par sko.

SPIKKE KJEKJEVLE

Ved Lendbreen ble det også funnet tre små "nåler", rundt 9 cm lange og laga av einer. Det viser seg at slike biter vart satt i munnen til kje og reinskalvar for at dei skulle slutte å die, og blei kalla kjekjevler. Reidar Marstein har med seg virke av einer og deltakarane får prøve å spikke små kjekjevler. Pris kr. 150. Varigheit 5 timer.

SPINNE HANDTEIN

Å spinne sitt eiga garn med handtein er ein av våre eldste tekstile teknikkar. Det er få som beherskar dette i dag, men Anne Grete Krogstad er ein dreva spinnar og vil lære teknikkane vidare til deltakarane. Ho har med både handteiner og ull. Pris kr. 200. Varigheit 5 timer